


Oppfordrar til å oppretta digital postkasse

19.08.2017



Av: Haldis Lauksund
Publisert: 06.10.2015 10:00

Foto: Posten Norge
Oppdatert: 18.01.2017 10:00

Oppfordrar til å oppretta digital postkasse Stord kommune ønskjer å kommunisera på nett med innbyggjarar og verksemdar/organisasjonar i kommunen og har teke i bruk tenesta Svar UT.

Dette gir ein enklare kvardag for deg som innbyggjar, med betre tenester og raskare svar. Det du som innbyggjar kan gjere for å motta elektroniske brev, er å oppretta digital postkasse.

Digital postkasse

Det er to digitale postkassar å velje mellom:

- Digipost
- e-Boks

Begge postboksane er gratis så lenge du ikkje lagrar store mengder data. Viss du ikkje har oppretta digital postkasse vil dine elektroniske brev bli levert til Altinn (der du får sjølvmeldinga di). Når me sender post til deg, får du varsel på SMS eller e-post om kvar du skal logga deg inn for å lesa brevet.

Kva viss eg ikkje vil ha elektronisk post?

Dei som ikkje har digital postkasse, vil få brevet levert i postkassa som før. Dersom du får varsel om at du har motteke digital post på Altinn, har du to dagar på deg til å logge inn på Altinn og opne brevet. Blir ikkje brevet lest innan to dagar vil du få tilsendt brevet som papirbrev per post.

Reservasjon mot elektronisk post

Viss du framleis vil ha brev på papir, kan du reservere deg mot kommunikasjon på nett. Det gjer du ved å ta kontakt med eit nasjonalt kontakt- og reservasjonsregister eller ringe 800 30 300. Meir informasjon om reservasjon finn du på www.norge.no/nb/reservasjon/

Adresseoppslag - Folkeregisteret

Uavhengig om posten vert sendt digitalt eller på papir, så nyttar me mottakar si adresse registrert i Folkeregisteret. Du kan sjå og eventuelt oppdatere dine folkeregistrerte opplysningar på www.skatteetaten.no/no/person/folkeregister/

Kvifor treng eg digital post når eg har e-post?

Det offentlege kan ikkje sende gradert informasjon, som til dømes helseopplysningar, på e-post. Manglande kryptering i e-postløyser gjer dette til ein usikker kanal. Digital post er kryptert og er difor ein sikker kanal som no skal innførast i alle kommunane i landet.

Fakta om digital post til innbyggjarar

Forvaltningslova vart i februar 2014 endra slik at digital kommunikasjon er hovudregelen når offentlege verksemdar (stat, kommune og fylkeskommune) vender seg til innbyggjarar og verksemdar. Viss innbyggjar ikkje ønskjer digital kommunikasjon, må innbyggjaren sjølv reservere seg.

Fakta om digital post til verksemdar og organisasjonar

I Altinn er det normalt berre dagleg leiar og styreformann som har tilgang. Det kan vere fornuftig å delegererolle og rettar til å opne post på vegne av verksemda til administrativt personale. Det er også mogeleg å setje opp ei varslingssteneste i Altinn slik at det er administrativt personale som får melding om når det kjem ny post til verksemda/organisasjonen i Altinn